

LOM KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER TIL

Detaljreguleringsplan Rv. 15 Graffer-Lom

PlanID: 3434_0005

Dato: 29.09.2025

Dato for siste revisjon:

§ 1 FORMÅL MED PLANEN

Det overordna formålet med planarbeidet er å avklare bruk, vern og utforming av dei nødvendige areala med hensikt å utbetra vegstandarden på rv. 15.

Reguleringsplanen gir heimel til å utbetre vegen i samsvar med utbetningsstandard for hovudvegar. Reguleringsplanen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3.

§ 2 REGULERINGSFORMÅL

§ 2.1 Planavgrensing, arealformål, omsynssoner og føresegnområder

Føresegnene gjelder for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet. Planområdet er i medhald av PBL §§ 12-5 og 12-6 regulert til følgende arealformål og omsynssoner:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 2.ledd nr. 1)

- Forretning/industri, F/I (1812)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 2.ledd nr. 2)

- Køyreveg, offentlig formål, o_KV1, o_KV5, o_KV6, o_KV10, o_KV18, o_KV19, o_KV20 (2011)
- Køyreveg, felles, f_KV2, f_KV19 (2011)
- Køyreveg, annan eigarform, KV3, KV4, KV6, KV7, KV8, KV9, KV11, KV12, KV13, KV14, KV15, KV16, KV17, KV20, KV21 (2011)
- Gang-/sykkelveg, o_GS1 – o_GS7 (2015)
- Annan veggrunn – grøntareal, o_AVG1, o_AVG2, o_AVG5 - o_AVG39
- Annan veggrunn – grøntareal, f_AVG3 og f_AVG4 (2019)
- Kollektivanlegg, o_KA1 – o_KA9 (2071)
- Kollektivhaldeplass, o_KH1 – o_KH10 (2073)
- Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtear, o_SK (2800)

Grønstruktur (PBL § 12-5 2.ledd nr. 3)

- Park, PA1 og PA2 (3050)

Landbruks-, natur- og friluftsområder samt reindrift (PBL § 12-5 2. ledd nr. 5)

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden, LNFR1 - LNFR14 (5100)

Omsynssoner (PBL § 12-6)

- Høgspenningsanlegg (inkl høgspenkablar), H370_1 – H370_3 (370)
- Bevaring kulturmiljø, H570_1 – H570_7 (570)
- Bandlegging etter Lov om kulturminner, H730_1 – H730_4 (730)

Føresegnsområder (PBL § 12-7)

- Krav om nærare undersøkingar, overvaking og klargjering av verknader, #1 - #10 (12)
- Mellombels bygge- og anleggsområde, #11 - #27

§ 3 FELLESFØRESEGNER

§ 3.1 Landskapstilpassing og terrengbehandling

Nytt veganlegg skal utførast slik at det best mogleg blir tilpassa eksisterande terreng og omkringliggjande landskap.

Alle skjeringar og fyllingar skal vere avslutta inn mot terreng, slik at sideområda blir estetisk godt utforma og overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.

Naturområde som blir råka i anleggsperioden, skal naturleg revegeterast der det er mogleg. Skogsområde, kantvegetasjon langs vassdrag og område som blir råka av tiltaka skal naturleg revegeterast med stadeigne toppmassar for å redusera erosjon og dempa eksponeringa av høge fyllingar og skjeringar.

Terrengbehandling skal ferdigstillast samtidig med andre delar av anlegget, og seinast eitt år etter at vegen er opna for trafikk.

§ 3.2 Universell utforming

Prinsipp for universell utforming/ tilgjenge for alle skal nyttast i planlegging og utbygging av gang- og sykkelveg samt haldeplassar for kollektivtrafikk. Desse skal utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok V129 «Universell utforming av veger og gater».

§ 3.3 Frisikt

Frisikt skal sikrast i alle kryss og avkøyrslar. I området mellom frisiktlinjene og køyrevegen skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Jf. Statens vegvesens handbok N100. Statens vegvesen kan krevje sikhindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

§ 3.4 Kulturminne og aktsemdplikt

Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjende, skal arbeidet stansast i den utstrekninga det råkar kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Melding om funn skal straks sendast kulturarvseksjonen frå fylkeskommunen, jf. Lov om kulturminne § 8, andre ledd.

Både tiltakshavar og utførande entreprenør har ansvar for at denne aktsemds- og varslingsplikta vert overhalde.

§ 3.5 Støy

- a) Grenseverdiane gitt i tabell 2 i Nasjonale retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, blir gjorde gjeldande for planen (jf. pbl § 12-7, nr. 3).
- b) For bustadar som får eit støynivå som overskrider støygrensene i T-1442/2021 tabell 2, og der grenseverdiane overstig for innandørs lydnivå og utandørs opphaldsplass, skal det givast tilbod om lokale støytiltak.
- c) Støy frå bygge- og anleggsverksemd skal tilfredsstillast grenseverdiane i tabell 4 i T-1442/2021 (jf. pbl § 12-7, nr. 3).

Støyskjermingstiltak langs rv. 3 skal ferdigstillast innan eit år etter at byggjetrinnet er ferdigstilt.

§ 3.6 Luftkvalitet

For lokal luftkvalitet skal retningsline T-1520 kap. 6 leggstil grunn for gjennomføring av vegprosjektet

§ 3.7 Plan for ytre miljø (YM-plan)

Før anleggsstart skal ytre miljøplan (YM-plan) utarbeidast. YM-planen skal sikra at føringar og krav for det ytre miljøet blir teke i vare på ein systematisk måte i vidare prosjektering og utføring.

Tema som skal inngå er mellom anna støy, forureining av jord og vatn, klimagassutslepp, material- og avfallshandtering, landskapsbilde, friluftsliv, naturmangfald, kulturarv, naturressursar og massehandtering (matjord og andre masser).

Det skal i prosjekteringsfasen, før anleggsarbeidet startar, utarbeidast ein detaljert matjordplan. Matjordplanen skal utarbeidast av fagperson med jordbruksfagleg/agronomisk fagkompetanse.

Ein rigg- og marksikringsplan (RM-plan) skal utarbeidas som ein del av YM-planen.

§ 3.8 Inngrep i bekkar

Kantvegetasjon langs bekkar skal bevarast i størst mogeleg grad. Fordrøyingstiltak og/eller erosjonstiltak skal gjerast ved behov.

Utslepp av skadelege stoff og avrenning frå anleggsarbeidet til vassdrag og grunnen skal til ein kvar tid hindrast.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, nr. 2)

§ 4.1 Byggegrense (pbl § 12-7)

Byggegrenser langs offentleg veg følger veglova § 29.

§ 4.2 Køyreveg, offentleg (o_KV)

Områda omfattar offentleg køyreveg, kryss og nødvendig sikringsareal i tilknytning til offentleg køyreveg vist på plankart.

Dersom avkøyrslar og driftsavkøyrslar til eigedomane periodevis må stengast i byggeperioden, skal dette avtalast.

§ 4.3 Køyreveg, felles eigarform (f_KV) og anna eigarform (KV)

Felles tilkomstvegar til fleire eigedomar er merkte med f_KV. Formålet omfattar: f_KV2 og F_KV19.

Felles private tilkomstvegar er vist på plankartet. Tilkomst gjeld for alle eigedomar og andre med bruksrett til vegen på dei enkelte eigedomane.

Dersom avkøyrslar og driftsavkøyrslar til eigedomane periodevis må stengast i byggeperioden, skal dette avtalast.

§ 4.4 Gang og sykkelveg (o_GS)

Området skal nyttast til gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelvegen skal ha ei utforming som tydeleggjer at den er gjennomgåande der den kryssar avkøyrslar. Vegbreidde 3,0 m.

§ 4.5 Anna veggrunn – grøntareal (AVG)

Områda skal nyttast til nødvendig anna trafikkareal som grøntanlegg, fyllingar, skjeringar, grøfter, rekkverk, støttemurar, tekniske installasjonar og andre element som naturleg høyrer inn under formålet.

§ 4.6 Kollektivhaldeplass (o_KH, o_KA)

Områda skal nyttast til busslomme med regulert breidde som vist på plankart. Haldeplassane skal ha universell utforming.

§ 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5, nr. 5)

§ 5.1 Landbruksformål LNFR

Områda merka LNFR skal nyttast til jord- og skogbruksformål. Inngrep i terreng utover normal drift blir ikkje tillate. Områda skal kjenne føresegnar gitt i den til kvar tid gjeldande kommuneplanens arealdel.

For all dyrkamark som vert permanent eller mellombels råa skal matjorda takast av sjiktvis og mellomagrast i separate rankar med maksimal høgde 2 meter. Jorda skal mellomagrast nær opphaveleg stad og leggest ut att i rett rekkefølge.

Matjordlaget skal nyttast på eigedomene sine areal til jordbruksproduksjon eller til landbruksformål på andre areal i nærområdet. Tilbakeført og nydyrka areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstatus som sikrar produksjonsevna til arealet.

Det skal utarbeidast ein plan og etablerast rutinar som hindrar eller minimerer køyreskadar og jordpakking av matjord, og at matjord/dyrkingslag blir blanda med anna type masse. Planen skal også vise tiltak som hindrar spreiding av ugras og ev. plantesjukdomar.

Tiltakshavar skal sikre at rettleiaren «Jordmassar – frå problem til ressurs» (Norsk landbruksrådgiving/NIBIO) blir lagt til grunn for massehandtering i gjennomføringsfasen.

§ 6 OMSSYNSSONER (PBL § 12-6)

§ 6.1 Faresone for ras og skred (H310)

Faresoner er fastsett etter kartlegging og tryggleiksklasser sett etter krav i TEK17. Det er ingen faresoner knytt til krav etter N200.

Faresone H310_100 viser område som er kartlagt med skredfare større enn 1/100 og utgjer tryggleiksklasse S1 etter TEK17 og krav som følgjer av det. Kollektivhaldeplassar er tillate innanfor denne sona.

Faresone H310_1000 viser område som er kartlagt med skredfare større enn 1/1000 og utgjer tryggleiksklasse S2 etter TEK17 og krav som følgjer av det.

Faresoner er berre vist for strekning S01 ettersom endringar i sideterrenget til vegen for strekning S02 og S03 vil endre skredfarevurderingane gjort i desse områda.

§ 6.2 Faresone for flaum (H320)

Faresone H320_1 og H320_2 Byggjetiltak jf. PBL § 1-6, §20-1, §20-6 og §28-1 kan berre gjennomførast dersom tilstrekkeleg tryggleik jf. tryggingsskrav gitt i TEK 17 er dokumenterte og ivaretekne før byggjetiltaket kan starta.

§ 6.3 Faresone høgspenningsanlegg (H370)

Det er høve til å føre opp anlegg i tilknytning til utbetring/nyanlegg for kraftforsyning, i tråd med forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Andre tiltak i desse områda skal godkjennast av leidningseigar. Dersom kraftlinjer blir lagt i jordkabel, fell faresona bort.

§ 6.4 Bevaring kulturminne og kulturmiljø (H570)

Omsynssone H570_1, H570_2 og H570_3 Eldre ferdselsveg. Historiske spor og byggjemåte, konstruksjonar, stikkrenner, breidde og linjeføring skal behaldast som i dag.

Omsynssone H570_4 Kollavegen. Kollavegen er merka med H570_10 i kommuneplanen - *bevaring av vegrelatert kulturminne* – med følgjande retningsline:

Det er ikkje tillate å fjerne veganlegget eller deler av veganlegget. Ombygging av veganlegget ut over vanleg vedlikehald er ikkje tillate, med unntak av ombygging for tilbakeføring til original tilstand, eller der det er nødvendig av omsyn til trafikksikkerheit. – Vedlikehald og istandsetting av vegen bør skje med materialar og metodar som er tilpassa vegen sitt serpreg, og på ein måte som ikkje reduserer vegens verneverdi. – Alle tiltak innanfor omsynssonen skal sendast over til regional kulturmyndigheit for uttale.

Omsynssone H570_5 Eldre smie. Byggjemåte og konstruksjonar skal takast vare på som i dag.

Omsynssone H570_6. Omsynssone kring freda stabbur, Sygard Stamstad.

Omsynssone H570_7 Stamstadgeilen. Historiske spor og byggjemåte, steingard og konstruksjonar skal så langt som råd bevarast som i dag.

§ 6.5 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Omsynssone H730_1, 2, 3, og 4 omfattar automatisk freda kulturminne med Askeladden id. 303979 (Fangstgrop ved Graffer, H730_1), id. 303981 og 303982 (Kullgropar ved Graffer, H730_2 og 3), og id. 304005 (Jernvinneanlegg ved Kjæstad, H730_4).

Innanfor omsynssonen skal det ikkje gjerast inngrep i terreng og vegetasjon, eller utførast tiltak som kan gjere skade på kulturminne, forandre kulturminne sin karakter, eller utilbørleg skjemme kulturminnet.

§ 7 BESTEMMELSEOMRÅDER (PBL § 12-7)

§ 7.1 Kulturminne som skal frigjevast

#1 er ei lita del av sikringssona til automatisk freda kulturminne med id. 303979, som har geometri inn i dagens vegareal. Det vert søkt dispensasjon frå fredinga, for denne delen av sikringssona. Planforslaget medfører ingen endring av kulturminnet elles.

#6 er automatisk freda kulturminne med Askeladden id. 303978 (Kokegrop ved Kjæstad). Planen gjeld som søknad om dispensasjon frå Lov om kulturminne, jf. Kml §8.4, for å gjennomføre dei planlagde tiltaka i dette området.

#7 er kulturminne med uavklart vernestatus, Askeladden id. 304000 (Bosetnings- og aktivitetsområde). Planen gjeld som søknad om dispensasjon frå Lov om kulturminne, jf. Kml §8.4, for å gjennomføre dei planlagde tiltaka i dette området.

#8 gjeld ei lita del av freda område ved Kvåle, Askeladden 86359. der ei lita del av områdefredinga vert råka. Planen gjeld som søknad om dispensasjon frå Lov om kulturminne for å gjennomføre dei planlagde tiltaka i dette området

#9 gjeld avkøyring til Kvåle, Askeladden id. 86359, der ei lita del av det freda området vert råka grunna ny avkøyring. Planen gjeld som søknad om dispensasjon frå Lov om kulturminne for å gjennomføre dei planlagde tiltaka i dette området

§ 7.2 Krav om nærare undersøkingar (#6 og #7)

Før iverksetting av tiltak i medhald av planen skal det gjerast ei arkeologisk utgraving av frigjeve automatisk freda kulturminne markert i plankartet som føresegnsoområde #6 (id. 303978) og #7 (id. 304000).

Det skal takast kontakt med regional kulturminneforvaltninga ved Innlandet fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsettast. Granskinga skal kostast av tiltakshavar med heimel i kulturminnelova (kml.) §10.

§ 7.3 Sikring av kulturminne

Før anleggsarbeidet startar skal kulturminne merket med omsynssone H730_1, 2, 3 og 4, med Askeladden id. 303979 (Fangstgrop ved Graffer), id. 303981 og 303982 (Kullgropar ved Graffer), id. 304005 (Jernvinneanlegg ved Kjæstad sikrast med eit gjerde for å hindre skader.

Også eldre vegfar med omsynssone H570_1, 2 og 3 i plankart merkast med gjerde/band for å hindre skader.

§ 7.4 Midlertidig bygge- og anleggsområde (#11 - #27)

Område merkt #11 - #27, er mellombelse bygge- og anleggsområde, og er tillate midlertidig nytta til verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, under dette handtering og midlertidig lagring av massar og material, anleggsvegar mv.

Mellombelse anleggsområde over dyrka mark skal primært brukas til mellomlagring av matjord. For desse områda skal det ikkje gravast under dei øvste 30 cm av matjordlaget (plogdjupn). Matjordlaget skal tas vare på i anleggsperioden og tilbakeføres til areal med landbruksformål senast eit år etter at veganlegget er ferdigstilt. Handtering av dyrka mark skal utførast i samsvar med krav og rutinar gitt i matjordplan, jf. § 3.7.

Mellombels anleggsområde over nedlagt vegareal tillèt disponering av massar frå veganlegget til regulering av og tilpassing til terreng. Oppfylte areal skal planerast og blir jamna ut mot omkringliggjande terreng og blir tilbakeførte til skogmark ved ferdigstilling av anlegget.

Områdane skal beskyttast mot forureining og unødvendig belastning i samsvar med rammer, føringar og rutinar gitt i godkjent tiltaksplan og/eller YM-plan. Asfalt som blir fjerna skal deponerast i godkjent deponi eller gjenbrukast etter gjeldande retningsliner.

Etter avslutta anlegg opphøyrer midlertidig reguleringsformål. Områda skal ryddast og setjast i stand likt dagens terreng med naturleg revegetering eller tilsåing, seinast innan første vekstsesong etter at anlegget er ferdig. Deretter vil arealformåla som vist i plankart være gjeldande.